




Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato: 22.03.2021  
Vår ref: 2021/3566  
  
Dykkar dato: 26.02.2021  
Dykkar ref: 20/17218 - 21/13330

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 203/31 - Fyllingen - riving og oppføring av hytte - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 26.02.21. Saka gjeld søknad om endring og utviding av eksisterande fritidsbustad. Søkjar opplyser at i praksis er det naudsynt å rive delar av eksisterande bygg for å få samanheng i ny og gammal konstruksjon.



Eigedommen er i arealdelen av kommuneplanen avsett til fritidsbustad men det er ikkje lagt inn byggegrense mot sjø for området og det er difor naudsynt å søkja om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

### Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det skal dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Den nye fritidsbustaden skal vere høgare, litt større og skal byggast noko nærmare sjø enn eksisterande hytte. Slik vi ser det må kommunen særleg vurdere om tiltaket vil auke privatisering av



området, kva landskapsverknad tiltaket vil har og om ein dispensasjon i saka kan gjere det vanskeleg å styre etter kommuneplanen i framtidige saker.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN